



**Utvalg:** Kontrollutvalet  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Rådhuset Tysnes kommune  
**Dato:** 10.10.2017  
**Tidspunkt:** 10:00 – 11:30

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Navn	Funksjon	Representerer
Britt Sørensen Dalsgård	Leiar	AP
Lorentz Lunde	Nestleiar	KRF
Patrick Russel Madsen	Medlem	AP
Magne Ivar Fauskanger	Medlem	FRP
Kirsten Gunn Epland	Medlem	H

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Navn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

**Følgjande varamedlemmer møte:**

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

**Merknader**

**Andre som møte:**

Navn	Stilling
Bjarne Ryland	Partner / rekneskapsrevisor Deloitte – i heile møtet
Kari Nygard	Seniorrådgjevar Hordaland fylkeskommune – i heile møtet

Britt Sørensen Dalsgård  
utvalsleiar

Kari Nygard  
utvalssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

## Saksliste

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Lukket</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
PS 18/17	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 19/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte		
PS 20/17	Orienteringssak om oppfølging av forvaltningsrevisjon plan- og byggesaker		2015/4
PS 21/17	Framlegg til budsjett for kontroll og tilsyn for 2018		2016/45
PS 22/17	Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve til Tysnes kommune		2016/71
PS 23/17	Revisjonsplan 2017 for Tysnes kommune og rekneskapsrevisjon så langt i år		2016/73
PS 24/17	Referatsaker		
RS 12/17	Notat vedr. kurs i regi av Deloitte for Tysnes kommune 2017		2015/1
RS 13/17	Melding om vedtak i kommunestyret vedr. Årsmelding 2016 for kontrollutvalet		2016/72
PS 25/17	Gjennomgang av møteprotokollar		2015/200
PS 26/17	Eventuelt		

## **PS 18/17 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 10.10.2017**

#### **Handsaming i møtet:**

Det var ikkje merknader til innkalling eller sakliste.

#### **Vedtak:**

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

## **PS 19/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 10.10.2017**

#### **Handsaming i møtet:**

Det var ikkje merknader til protokoll frå møte 04.05.17.

#### **Vedtak:**

Møteprotokoll frå kontrollutvalet sitt møte 04.05.17 vart samrøystes godkjent.

## **PS 20/17 Orienteringssak om oppfølging av forvaltningsrevisjon plan- og byggesaker**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er gjort i samband med oppfølging av tiltak i samband med forvaltningrevisjon av plan- og byggesaker.
2. Alternativ 1: Kontrollutvalet seier seg nøgd med oppfølgingsarbeidet og avsluttar sak vedr. oppfølging etter forvaltningsrevisjon av plan- og byggesaker.  
Alternativ 2: Kontrollutvalet ber om ny status for oppfølgingsarbeidet innan .....

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 10.10.2017**

#### **Handsaming i møtet:**

På grunn av at rådmann ikkje hadde høve til å møta denne dagen vart saka utsett til neste møte. Samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Saka vert utsett til neste møte.

## **PS 21/17 Framlegg til budsjett for kontroll og tilsyn for 2018**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slik det ligg føre. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2018.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 10.10.2017**

#### **Handsaming i møtet:**

Dei ulike postane i framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid for 2018 vart gjennomgått og drøfta. Konklusjonen blei at det ikkje skal gjerast endringar i forslaget som ligg føre. Kontrollutvalet drøfta deretter situasjonen med at det innanfor dei rammer som vart sett for 2017, ikkje var råd å gjennomføra pålagde oppgåver med forvaltningsrevisjon. Det er kun gjeve rom for arbeid med rekneskapsrevisjon.

Kontrollutvalet konkluderte med at dette må meldast klart frå om til kommunestyret. Det var semje om at ein uttale om dette skal takast inn i vedtaket som vert gjort i saka. Vedtak som vart fatta var samrøystes.

**Vedtak:**

1. Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slik det ligg føre. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2018.
2. Kontrollutvalet vil presisera at det ikkje har vore råd å gjennomføra oppgåvene sine på tilfredstillande vis i 2017. For å kunna utføra pålagde oppgåver med forvaltingsrevisjon må budsjetttrammene gje rom for dette i 2018.

**PS 22/17 Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve til Tysnes kommune****Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland vedr. om Deloitte AS er uavhengig i høve Tysnes kommune, til etterretning.

**Saksprotokoll i kontrollutvalet - 10.10.2017****Handsaming i møtet:**

Det blei teke opp at kostnader med revisjon av legat er høg i høve til midlane som ligg i legatet. Det vart gjeve forklaring på kvifor dette ikkje er ein del av kommunerekneskapen, og utvalet fann at det ikkje kjem i konflikt med uavhengighetserklæringa. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet tar uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland vedr. om Deloitte AS er uavhengig i høve Tysnes kommune, til etterretning.

**PS 23/17 Revisjonsplan 2017 for Tysnes kommune og rekneskapsrevisjon så langt i år****Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar revisjonsplanen og informasjonen om rekneskapsrevisjonen så langt i 2017 frå Deloitte AS til orientering.

**Saksprotokoll i kontrollutvalet - 10.10.2017****Handsaming i møtet:**

Bjarne Ryland presenterte revisjonsplanen for 2017. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet tar revisjonsplanen og informasjonen om rekneskapsrevisjonen så langt i 2017 frå Deloitte AS til orientering.

**PS 24/17 Referatsaker****Saksprotokoll i kontrollutvalet - 10.10.2017****Handsaming i møtet:**

Referatsakene vart gjennomgått:

- RS 12/17 Notat vedr. kurs i regi av Deloitte for Tysnes kommune 2017  
Kontrollutvalet ber om at sekretariatet rettar henvending til kommunen om det framleis er interesse for å gjennomføra kurs med emne «offentlege anskaffingar / innkjøp».
- RS 13/17 Melding om vedtak i kommunestyret vedr. årsmelding 2016 for kontrollutvalet  
Teke til orientering.
- Rekneskapsoversyn for kontrollutvalet sitt budsjett pr. august 2017.  
Teke til orientering.

**Vedtak:**

Sekretariatet sender henvending til kommunen om det framleis er interesse for å gjennomføra kurs i «offentlege anskaffingar / innkjøp» i regi av Deloitte i 2017. Kontrollutvalet tek ellers referatsakene til orientering.

**PS 25/17 Gjennomgang av møteprotokollar****Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

**Saksprotokoll i kontrollutvalet - 10.10.2017****Handsaming i møtet:**

Aktuelle møteprotokollar vart gjennomgått og kommentert. Det var ingen saker ein ville be om meir informasjon om på noverande tidspunkt. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

**PS 26/17 Eventuelt****Saksprotokoll i kontrollutvalet - 10.10.2017****Handsaming i møtet:**

- Sekretariatet orienterte og om at det vil bli gjennomført folkevaldopplæring for kontrollutvalsmedlemmar på Solstrand 29. og 30.01.2018.
- Møtedato for neste kontrollutvalsmøte blei drøfta. For fleire av utvalsmedlemmane passar ikkje den oppsette datoen 23.11.17. Det vart vedteke at denne møtedatoen utgår, og ny møtedato vart fastsett til 14.11.17.

**Vedtak:**

Møtedato for neste kontrollutvalsmøte vert sett til 14.11.17. Øvrig informasjon under eventuelt blei teke til orientering.